



I samband med budsjettarbeidet i fjor haust kom det forslag frå rådmannen om nedleggjing av branntroppen i Uskedalen og på Halsnøy, men politikarane avviste ei slik nedleggjing no. Som reaksjon på forslaget skreiv Uskedalen Utvikling ei bekymringsmelding og no har brannsjef Grete Nesheim svara på den.

Ho viser til brevet frå UU og opplyser at heile kommunen sin brannordning vil verta revidert og at kommunen tek sikte på at den kjem som eiga politisk sak i løpet av våren.

Då kommunestyret handsama saka, vart det vedteke å leggja inn att dei 250.000 kroner til føremålet, som rådmannen hadde stroke i forslaget sitt.

Torfinn Myklebust (IP), som engasjerte seg sterkt i saka, sa seg nøgd med vedtaket men heldt fram at rekkjefølgja burde ha vore den omvendte med eiga sak først om brannberedskaperen og budsjetthandsaming etterpå.

Det er det som no vil skje.

Myklebust uttala at det er mange gode argument for ikkje å leggja ned branntroppen i vår bygd og streka under at ein i alle fall ikkje må svekka brannvernet i kommunen totalt sett.

Av Ola Matti Mathisen